



Saksframlegg

Svar søknad om tilskot til somarkonsertar i Folkestadbyen

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Søknad frå Folkestadbyen datert 12.05.2026

Bakgrunn for saka:

«Folkestadbyen» har i fleire år arrangert små sommarkonsertar på laurdagar i Folkestadbyen. Det er næringsdrivande i sentrum som står bak søkjaren «Folkestadbyen»
I år har dei fylgjande planar:

- 04.07.: Konsert med Eirik Aas Levang
- 18.07.: Konsert med Ask Dyrland Valseth og Tomine
- 25.07.: Olsoklaurdagen, Konsert med Hallvard Jørgensen og Thomas Bentsen, Historisk gatevandring med Ragnhild L. Berge
- 01.08.: Konsert med Emma Valseth Holmegaard
- 08.08.: Konsert med Julie Forsdal

Dei søker om ;

1500,- pr pers. for dei som spelar aleine og dei som er to, og 3500,- for band:

Beløpet dei søker om i år er kr 13000,- til denne underhaldninga.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod, og stø opp innbyggarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod.

Dette er eit svært positivt tiltak, både for tilreisande og fastbuande, men og for dei unge aktørane som ofte er lokale. Det er ynskjeleg å stå opp om private tiltak som gir gode kulturopplevinga for mange.

Konklusjon:

Fyresdal kommune ynskjer å stø opp om tiltaket sumarkonsertar i Folkestadbyen.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør søknad frå Folkestadbyen med omsøkt beløp kr 13.000.
Stønad skal gå til dekking av utgifter i samband med sumarkonsertar i Folkestadbyen.
Løyving frå konto 1260 470 kultur

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur